

DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A, 6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719 www.aukrakyrkje.no
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
Org.nr.: 976 997 654

Innkalling til møte

Utval: Aukra sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 7. mars 2024
Møtetid: Kl. 18.05 – 20.25
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Innkalla medlemmar i sokne- og fellesrådet:

Erlend Melby, Marta Kristin Eidskrem, Per Arne Rindarøy, Hans Kristian Furnes, Britt Karin Hagen Laastad, Therese Hildre Solem, Kari Margrete Fanghol, Anne Berit Oterhals Skrede, Kristian Finn Risung og Lisbeth Nikolaisen Skomsø (10).

Kopi til varamedlemmar:

Rune Vågøy, Edvin Magne Nybø, Janne Wie, Gunnar Kolflåth, Knut Oterhals, Berit Cesilie Huse og Grethe Lystad Johnsen.

Forfall meldast til tlf. 951 85 921 eller e-post max.mork@aukra.kommune.no.

Varamedlemmar får innkallinga til orientering, men treng berre å møte ved nærare innkalling.

SAKLISTE

Opning

Sak 10/24 GODKJENNING AV:

- A. Innkalling
- B. Sakliste
- C. Referat frå møte 18.01.2024
- D. Referat frå ekstramøte 29.01.2024

Sak 11/24 Revisjon av delegasjonsreglement for Aukra SFR (FR-sak)

Sak 12/24 Rekneskap for Aukra SFR 2023 (SFR-sak)

Sak 13/24 Godkjenning av arbeidsavtale med Nils Lykkeslet Sæther (FR-sak)

Sak 14/24 Personalsituasjonen – status og vidare prosess (FR-sak. Unnateke off.heit)

Sak 15/24 Eventuell endring av dag for tysdagskafeen (SR-sak)

Sak 16/24 Beskjering av tre ved kyrkja (FR-sak)

Sak 17/24 Høyring – Revisjon av prostigrenser i Møre bispedøme (FR-sak)

Sak 18/24 Høyring – Forskrift om tilskot til kulturhistorisk verdifulle kyrkjebygg (FR-sak)

Sak 19/24 Referat- og orienteringssaker (SFR-sak)

Sak 19/24-1 Notat etter misjonsbasaren 2. februar 2024

Sak 19/24-2 Notat etter grautsal på feitetysdag 13. februar 2024

Sak 19/24-3 Orientering om eventuelt samarbeid med Molde og Hustadvika KF

Sak 19/24-4 Referat frå møte i AU 15.02.2024

Sak 20/24 Eventuelt

Aukra 29.02.2024
Erlend Melby
Leiar (sign)

Max Ingar Mørk
Fung. kyrkjeverje



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A

6480 AUKRA

Tlf: 468 40 719

kyrkjekontoret@aukra.kommune.no

www.aukrakyrkje.no

Org.nr.: 976997654

MØTEREFERAT

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)

Møtedato: Torsdag 18. januar 2024

Møtetid: Kl. 18.05 – 20.25

Møtestad: Kyrkjelydshuset

Desse medlemmane og varamedlemmane møtte:

Erlend Melby, Marta Kristin Eidskrem, Hans Kristian Furnes, Britt Karin Hagen Laastad, Kari Margrete Fanghol, Anne Berit Oterhals Skrede, Edvin Magne Nybø, Janne Wie, Kristian Finn Risung og Berit Cesilie Huse (10).

Forfall: Per Arne Rindarøy, Therese Hildre Solem og Lisbeth Nikolaisen Skomsø.

Sekretær: Max Ingar Mørk

Elles møtte: Sigurd Moltubak

Opning. Sigurd delte nokre tankar om skilnaden mellom helsingane «Gå i fred og ten Herren med glede» og «Gå i fred og kvil i Guds nåde» som begge kan avslutte ei gudsteneste.

Etter dette blei Sigurd takka av for innsatsen i Aukra sokn siste året av Erlend og Kristian.

Sak 01/24 GODKJENNING AV:

A. Innkalling

Innkallinga blei godkjent utan merknadar.

B. Sakliste

Saklista blei godkjent. Det blei meldt inn to saker under eventuelt:

- Vikar for Sigurd som sluttar 1. februar.
- Vask av kjøkkenskap på Kyrkjelydshuset.

C. Referat frå møte 14.12.2023

Referatet blei godkjent utan merknadar.

Det blei stilt spørsmål ved kva ein gjer med saker som rådet ikkje rekk å behandle: Skal dei utsettast til neste møte eller skal ein ha ekstramøte?

Det var semje om å ha ei pragmatisk tilnærming til dette. Dersom ein ser at tida blir knapp, kan ein prioritere dei sakene som hastar og utsette andre, eller vurdere ekstramøte.

Sak 02/24 Misjonsbasar 2. februar 2024

Behandling:

Misjonsbasaren blir på Kyrkjelydshuset fredag 2. februar 2024 kl. 18.00 – 20.00. Janne og Kari, som sit i komiteen for basaren, orienterte om oppgåver og behov. Misjonsbasaren er soknerådet sitt arrangement, og ein er avhengig av at fleire både frå rådet og utanom stiller opp.

Etter ei runde i rådet der fleire personar melde seg, såg lista slik ut:

- Rigging: (Manglar 2-3 personar)
- Kjøkken: Anne Berit, Marta Kristin og Berit Marie Sporsheim.
- Sal av kaker: (Manglar 1 person)
- Åresal: Erlend. (Manglar 3 personar)
- Tombola: Hans Eidskrem. (Manglar 1 person; kan vere ein konfirmant)
- Kakebaking: Marta Kristin, Anne Berit og Edvin. (Manglar fleire personar)
- Plakatar og sosiale media: Evy Marie Tofte

Vedtak:

For å få med fleire personar gjennomførast følgjande tiltak:

- Kristian spør eit par konfirmantar
- Kyrkjevevja sender e-post til medlemmar og varamedlemmar som ikkje var til stades med oppmoding om å melde seg.

Alle blir oppmoda til å bidra med fleire kaker og gevinstar.

Sak 03/24 Prosedyrar for minnesamvær ved innleige av dugnadsgjengen

Behandling:

Janne og Kari orienterte. Janne er koordinator for arbeidet og Kari er fast vikar.

Romsdals Budstikke hadde ein heilsides reportasje om arbeidet laurdag 13. januar. Etter dette hadde fleire frivillige teke til å melde seg. Dei var 4, no er dei 7. Målet er å få to arbeidslag. Kyrkjevevja må alltid spørje gruppa før ein gjer avtale om minnesamvær, men gruppa ønskjer å imøtekomme alle ønske så langt det er mogeleg.

Etter oppslaget i RB hadde Kristian fått melding frå biskopen med rosande ord om tiltaket, som han las opp. Gruppa sette stor pris på dette.

Koordinator understreka at dugnadsgjengen ikkje skal vere ein del av arrangementet, men vere hjelparar i bakgrunnen som får det til å fungere. Prosedyrane seier detaljert kva for ansvar og oppgåver dei ulike aktørane har i samband med arrangementet, både kyrkjevevja, koordinator, pårørande og frivillige. Det gir tryggleik og føreseielegheit for alle partar.

Vask og stryking av dukar er eigentleg ikkje dugnadsgjengen sitt ansvar. Dette må leigetakarane betale ekstra for. Janne og Kari vil sjekke med aktuelle personar og firma om nokon kan ta på seg dette arbeidet og kva det vil koste. Dei ønska også å kjøpe inn nok dukar til å ha to sett. Oppfølging på neste møte.

I samsvar med innstillinga gjorde soknerådet etter dette slikt samrøystes

Vedtak:

Aukra sokneråd sluttar seg til forslaget til prosedyrar for gjennomføring av minnesamvær på Kyrkjelydshuset i regi av dugnadsgjengen.

Sak 04/24 Planlegging av strategidag i Aukra SFR

Behandling:

Etter å ha lufta fleire datoar samla SFR seg om å arrangere strategidagen laurdag 6. april kl. 09.00 – 15.00 på Mevoldtunet. Det blir bestilt catering frå Sjøpølsa, Aukra, som kan levere glutenfri mat.

Etter dette gjorde SFR slikt samrøystes

Vedtak:

Aukra SFR gjennomfører ein strategidag for faste medlemmar og varamedlemmar av rådet etter følgjande plan:

- Dag og tid: Laurdag 6. april kl. 09.00 – 15.00
- Stad: Mevoldtunet
- Mat: Catering frå Sjøpølsa, Aukra.
- Ansvarleg for opplegg og gjennomføring: AU i samarbeid med kyrkjeverja.

Sak 05/24 Stillingsendringar for kyrkjetenarane

Behandling:

Det blei stilt spørsmål ved kvifor ikkje stillingane blei auka med 10 prosent fast dersom det var behovet. Fung. kyrkjeverje svarte at kommunestyret hadde løyvd midlar til 5 prosent auke og at arbeidet kunne variere i omfang frå år til år og etter årstid. Det var derfor ønskeleg med fleksibilitet for dei siste prosentane.

I samsvar med innstillinga gjorde Aukra SFR slikt samrøystes

Vedtak:

Stillinga for kyrkjetenar «inne» blir auka frå 25 til 30 prosent frå 01.01.2024.

Stillinga for kyrkjetenar «ute» blir auka frå 75 til 80 prosent frå 01.01.2024.

Sak 06/24 Budsjett for Aukra SFR 2024

Behandling:

Fung. kyrkjeverje gjekk igjennom utvalde postar i budsjett og svarte på spørsmål undervegs.

Ang. kyrkjebladet hadde redaksjonskomiteen oppmoda SFR om å skaffe annonsørar. Kristian tok på seg å kontakte ein del av dei firmaa som hadde vore annonsørar i 2023. Annonsørlista blei supplert ved felles brainstorming frå SFR.

Kristian meinte det var behov for ekstra midlar til anskaffing og vedlikehald av kyrkjetekstilar og liturgisk inventar. Ein vil følgje opp dette på strategidagen.

Etter dette blei det gjort følgjande samrøystes

Vedtak:

Aukra SFR vedtek drifts- og investeringsbudsjett for 2024 i samsvar med det framlagte forslaget i saka.

Marta Kristin forlét no møtet.

Sak 07/24 Referatsaker (SFR-sak)

Sak 07/24-1 Delegasjonsreglement for Aukra SFR

Leiar orienterte om at det er behov for å ta opp ulike reglement til revisjon i løpet av året, men at delegasjonsreglementet var lagt ved som referatsak for å opplyse om kva for reglar som førebels gjeld.

Sak 07/24-2 Oppnemning av geistleg representant til fellesrådet

Kristian fortalde at nyttilsett domprost Grethe Lystad Johnsen ville etablere eit nytt samarbeidsområde for prestane i Molde domkirkes sokn, Aukra sokn og Midsund sokn. Tidlegare hadde det vore tilsvarande samarbeid mellom prestane i Aukra prestegjeld (Aukra, Midsund og Sandøy sokn). Innan prostiet er det frå før etablert slike samarbeidsområde for sokna i tidlegare Bolsøy, Nettet og Fræna/Eide (Hustadvika).

Sak 07/24-3 Referat frå møte i AU 04.12.2024

Sak 08/24 Eventuelt

Sak 08/24-1 Status for kantortilsettinga

Kari spurte korleis det gjekk med kantortilsettinga. Erlend svarte at det skal vere intervju og prøvespel torsdag 25. januar. SFR kan etter dette bli kalla inn på kort varsel.

Sak 08/24-2 Vask av kjøkkenskapa på Kyrkjelydshuset

Kari informerte om at Husflidslaget vil vaske alle kjøkkenskapa på KLH, registrere innhaldet i dei og lage instruks for bruken av kjøkkenet. Dette som takk for at laget får bruke KLH. Ho poengterte at det trengs ein fast person eller ei gruppe som kan ta ansvar for kjøkkenet.

Sak 08/24-3 Etterfølgjar etter Sigurd Moltubak

Sigurd Moltubak sluttar i sitt engasjement 1. februar. SFR gir AU og fung. kyrkjeverje II frie hender til å finne vikarordning.

Sak 08/24-4 Grautsal feitetysdag 13. februar

Det er tradisjon for at SFR arrangerer sal av rømmegraut og risgraut på KLH om kvelden på feitetysdag, som i år er 13. februar. Det må avklarast med kafégjengen om det i tillegg skal vere tysdagskafe på føremiddagen. Ein vil prøve å verve folk til grautkvelden på misjonsbasaren.

Sak 08/24-5 Songkveld med husorkesteret i domkyrkja

Husorkesteret i domkyrkja har kome med tilbod om å arrangere ein songkveld i Aukra kyrkje 3. eller 10. mars. Dei tek ikkje betaling, men vil ta opp ein kollekt for å dekke kostnader til leige av songanlegg.

SFR føreslår at songkvelden blir 10. mars, da det ikkje er gudsteneste i soknet den dagen.

Aukra 18.01.2024

Erlend Melby
Leiar (sign)

Max Ingar Mørk
Fung. kyrkjeverje



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A

6480 AUKRA

Tlf: 468 40 719

kyrkjekontoret@aukra.kommune.no

www.aukrakyrkje.no

Org.nr.: 976997654

MØTEREFERAT

Utval: Aukra sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 7. mars 2024
Møtetid: Kl. 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Desse medlemmane møtte:

Erlend Melby, Marta Kristin Eidskrem, Hans Kristian Furnes, Britt Karin Hagen Laastad, Kari Margrethe Fanghol, Anne Berit Oterhals Skrede, Per Arne Rindarøy, Kristian Finn Risung (8).

Kommunen sin representant hadde ikkje vorte innkalla til møtet, men vart kontakta pr tlf og godkjente at saka som skulle handsamast på møtet var handsama utan at ho var til stades.

Forfall: Therese Hildre Solem

Sekretær: Marta Kristin Eidskrem

**Møtet og underliggende saksdokument er unnateke offentlegheit, jf. off.lova §§ 13 og 25.
Vedtaket i saka er offentleg.**

Sak 09/24 Intervjuutvalet si innstilling til kontor

Intervjuutvalet si innstilling vart gjennomgått. Etter at resten av rådet fekk stille sine spørsmål til intervjuutvalet, og utvalt svarte ut desse vart det gjort avstemming ved handsopprekking.

Fellesrådet vedtok då følgande:

Fellesrådet har etter avstemming einstemming vedtatt intervjuutvalet si innstilling på stilling som kontor.

Aukra 30.01.2024

Erlend Melby
Leiar (sign)

Marta Kristin Eidskrem
Nestleiar/sekretær



SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokneråd (SR)
Møtedato: Torsdag 7. mars 2024
Møtetid: 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 11/24 Revisjon av delegasjonsreglement for Aukra SFR

I SFR sitt møte 18.01.24, sak 07/24-1, blei det orientert om at det er behov for å opp ulike reglement til revisjon i løpet av året. Gjeldande delegasjonsreglement blei lagt fram til orientering. Dette blei vedteke i 1999 og forlenga i 2018.

I AU sitt møte 15.02.24 var det semje om å legge fram forslag til 1-2 reglement på kvart møte i SFR framover, basert på KA sine malar og Molde kyrkjelege fellestråd sine nyleg reviderte reglement. I denne saka legg fung. kyrkjevevje fram forslag til revidert delegasjonsreglement for Aukra SFR.

Heimelsgrunnlag

I utgangspunktet har sokneråd og kyrkjeleg fellestråd all makt og mynde som er lagt til desse gjennom trussamfunnslova, gravferdslova, kyrkjeordninga, gjeldande føresegner fastsette av departementet og reglar vedtekne av kyrkjemøtet.

I den daglege forvaltninga er det likevel behov for å delegere mynde, spesielt til kyrkjevevje/dagleg leiar av verksemda. *Forskrift om formene for menighetsrådet og kirkelig fellestråds virksomhet* § 10 nr. 2 gir sokneråd og kyrkjeleg fellestråd heimel til å fastsette eit eige delegasjonsreglement som delegerer mynde til rådsleiar, dagleg leiar, arbeidsutval og evt. partssamansett utval.

Vidare fastset *Kirkeordningen* at sokneråd (§ 11) og kyrkjeleg fellestråd (§16) kan gi leiar eller eit arbeidsutval beståande av leiar og minst to av dei andre medlemmane i rådet fullmakt til på sakleg avgrensa område å treffe avgjerd i saker som skulle ha vore avgjort av rådet.

Det er viktig å merke seg at både kyrkjevevje, rådsleiar og arbeidsutval (AU) handlar på fullmakt og delegasjon frå sokneråd eller kyrkjeleg fellestråd. Ingen har noko sjølvstendig mandat ut over dette.

Delegasjonsreglementet

Fordi Aukra er ein eittsoknskommune, fungerer soknerådet også som fellestråd (supplert med kommunal representant). Det er derfor føremålsteleg å samle alle reglane i eitt delegasjonsreglement. I vedlagte forslag brukast nemninga SFR i samanhengar som gjeld begge rådsfunksjonane, og kyrkjeleg fellestråd i samanhengar som berre gjeld fellestrådsdelen (personalforvaltning, eigedomssaker og gravplassforvaltning).

Både det gamle reglementet, forslaget til revidert reglementet og Molde KF sitt reglement bygger på KA sin mal for delegasjonsreglement for kyrkjelege fellestråd. Både i struktur og innhald er dei derfor ganske like, men med nokre oppdateringar og lokale tilpassingar. Spesielt for Aukra er at reglementet også skal dekke soknerådsfunksjonen.

Dei fleste punkta i reglementet handlar om kva mynde sokneråd/fellesråd vel å delegere til kyrkjeverje/dagleg leiar. Arbeidsutval og rådsleiar sine roller har i tidlegare reglement vore skildra svært kortfatta og generelt. I det nye forslaget er det lagt til eit eige avsnitt (punkt 7) med meir utfyllande reglar om arbeidsutvalet si samansetting og mynde og om rådsleiar sitt mynde.

For å unngå mistydingar kan det vere behov for å presisere følgjande:

- All mynde ligg i utgangspunktet til SFR. Rådet kan til ei kvar tid gi eller trekke tilbake delegert mynde.
- Den valde leiaren i SFR har øvste mynde over alt som gjeld verksemda i rådet.
- Reglementet rører ikkje ved rådsleiar sitt sjølvstendige ansvar og sin rett til å sette opp sakliste og kalle inn til møte (jf. verksemdsreglane § 4 nr. 2). I praksis tek kyrkjeverja seg av den praktiske delen, men innkalling, sakliste og saksdokument skal vere klarert med leiar. Innkallinga underskrivast av leiar og kyrkjeverje.
- Kyrkjeverja har full mynde som administrativ leiar innanfor reglane i delegasjonsreglementet.
- Sjølv om arbeidsutvalet drøftar og kjem med tilråding i saker som skal vidare til SFR, har kyrkjeverja framleis sjølvstendig utgreiings- og innstillingsrett som sekretær for SFR.

Forslag til vedtak:

Aukra SFR vedtek forslaget til revidert delegasjonsreglement som framlagt i saka. Reglementet gjerast gjeldande frå vedtak i SFR og skal evaluerast innan utgangen av kvar valperiode. SFR kan til ei kvar tid gjere endringar i reglementet.



Delegasjonsreglement

Vedteke av Aukra sokne- og fellesråd 07.03.2024, sak 11/24.

INNHALD

1	Bakgrunn og mandat	2
2	Generelt om kyrkjeverja si utøving av delegert mynde	2
2.1	Dagleg forvaltning	2
2.2	Prinsipp saker	2
2.3	Utøving av mynde	2
2.4	Klagesaker	2
2.5	Mynde kan trekkast attende	2
2.6	Vidaredelegering av mynde.....	2
2.7	Ansvar innanfor retningslinjer.....	2
3	Økonomiforvaltning	3
3.1	Tilvisingsmynde	3
3.2	Fullmakt til å gjere budsjettjusteringar	3
3.3	Avgjere spørsmål	3
4	Personalforvaltning	3
4.1	Arbeidsgjevarrepresentant	3
4.2	Permisjonar	3
4.3	Tilsettingar.....	3
5	Eigedomssaker	3
5.1	Eigedomsforvaltning.....	3
5.2	Kyrkjeinventar	3
6	Gravplassforvaltinga.....	4
7	Arbeidsutval og rådsleiar sitt mynde.....	4
8	Generelt	4
8.1	Fortolking	4
8.2	Endring	4
8.3	Varigheit / Evaluering.....	4

1 BAKGRUNN OG MANDAT

Delegasjonsreglementet er heimla i *Forskrift om formene for menighetsrådets og kirkelig fellesråds virksomhet* § 10 nr. 2 der det heiter:

«Menighetsrådet/kirkelig fellesråd fastsetter i særskilt delegasjonsreglement hvilken myndighet som er tildelt rådets leder, daglig leder, arbeidsutvalget og partssammensatt utvalg.»

Vidare fastset *Kirkeordningen* § 16 kva mynde kyrkjeleg fellesråd kan gi til leiar og/eller arbeidsutval:

«Kirkelig fellesråd kan gi lederen eller et arbeidsutvalg bestående av lederen og minst to av rådets øvrige medlemmer fullmakt til på saklig begrensede områder å treffe avgjørelse i saker som skulle ha vært avgjort av rådet. Avgjørelse som er truffet med hjemmel i slik fullmakt, skal refereres i første møte etter at avgjørelsen er truffet.»

2 GENERELT OM KYRKJEVERJA SI UTØVING AV DELEGERT MYNDE

2.1 DAGLEG FORVALTING

Aukra sokne- og fellesråd (SFR) gir kyrkjeverja mynde til å utøve dagleg forvaltning og leiing av verksemda i SFR i samsvar med vedtekne planar og budsjett. Dette inneber at kyrkjeverja har fullmakt til å ta avgjerder i saker som ikkje er av prinsipiell art.

2.2 PRINSIPPSAKER

Prinsippsaker og saker som er spesielt viktige skal alltid leggast frem for SFR for vedtak.

2.3 UTØVING AV MYNDE

All utøving av mynde skjer på vegner av SFR, som har ansvaret, og skal utøvast i samsvar med lovar, reglar, og retningslinjer som er gjevne av SFR.

2.4 KLAGESAKER

Einskildvedtak som kyrkjeverja har gjort kan klagast inn for SFR.

2.5 MYNDE KAN TREKKAST ATTENDE

Delegert mynde kan til ei kvar tid trekkast attende og delegerande organ kan sjølv avgjere saka. Delegerande organ kan overprøve og gjere om vedtak i underordna organ innanfor § 35 i Forvaltingslova.

2.6 VIDAREDELEGERING AV MYNDE

Mynde som er delegert til kyrkjeverja, kan kyrkjeverja delegere vidare så langt det er lovleg og ikkje anna er vedteke. Er kyrkjeverja inhabil etter forvaltingslova § 6, skal kyrkjeverja sitt mynde utøvast av leiaren i kyrkjeleg fellesråd.

2.7 ANSVAR INNANFOR RETNINGSLINER

Kyrkjeverja skal utøve sitt delegerte ansvar innanfor retningslinjene som overordna instansar har sett for økonomiforvaltning og anna verksemd. Det er kyrkjeverja sitt ansvar at vedtak blir fatta med bakgrunn i rett heimel.

3 ØKONOMIFORVALTING

3.1 TILVISINGSMYNDE

Kyrkjeverja har tilvisingsmynde for dei midlane som er stilte til disposisjon for SFR.

3.2 FULLMAKT TIL Å GJERE BUDSJETTJUSTERINGAR

Kyrkjeverja har i budsjettåret fullmakt til å gjere justeringar i budsjettet til SFR innanfor desse rammene:

- disponere ekstratildelingar som følgje av lønsjusteringar
- disponere meirinntekter som følgje av inntekter t.d. ved sal, permisjonar og arbeidsmarknadstiltak.
- disponere unytta midlar mot slutten av budsjettåret i samsvar med SFR sine prioriteringar.

3.3 AVGJERE SPØRSMÅL

Kyrkjeverja avgjer spørsmål knytt til økonomiforvaltinga i samsvar med fastsette reglar og retningslinjer.

4 PERSONALFORVALTING

4.1 ARBEIDSGJEVARREPRESENTANT

Kyrkjeverja er til dagleg arbeidsgjevarrepresentant etter Hovedavtalen. Kyrkjeverja representerer kyrkjeleg fellesråd i kontaktmøte med arbeidstakarorganisasjonane.

4.2 PERMISJONAR

Kyrkjeverja gir permisjonar i samsvar med gjeldande permisjonsreglement.

4.3 TILSETTINGAR

Kyrkjeverja tilset vikarar i samsvar med gjeldande tilsettingsreglement.

5 EIGEDOMSSAKER

5.1 EIGEDOMSFORVALTING

Kyrkjeverja opptre med full eigedomsrett i saker knytt til eigedomar tilhøyrande Den norske kyrkja (Dnk) i soknet, som til dømes å representere kyrkja i oppmålingssaker, eigedomssaker andsynes nabo og tvistesaker. Kyrkjeverja underteiknar skøyte, festekontraktar osb. på vegner av SFR. Ved eventuelt sal av eigedom skal kyrkjeleg fellesråd behandle saka før skøytet blir underskrive.

5.2 KYRKJEINVENTAR

Ved mindre anskaffingar/avhendingar av kyrkjeinventar etter § 20 i kyrkjeordninga, kan kyrkjeverja sende direkte søknad til Møre biskop for godkjenning.

6 GRAVPLASSFORVALTINGA

Kyrkjeverja er dagleg ansvarshavande og utøver mynde som er lagt til kyrkjeleg fellestråd etter *Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd – gravplassloven og Forskrift til gravplassloven*.

7 ARBEIDSUTVAL OG RÅDSLEIAR SITT MYNDE

Arbeidsutvalet (AU) består av leiar, nestleiar og geistleg representant i SFR.

AU og kyrkjeverje saman er delegert følgjande oppgåver og mynde:

- Førebu saker som skal behandlast i SFR
- Ta avgjerd i saker som bør avgjerast før SFR kan samlast i møte
- Ta avgjerd i mindre, laupande saker av ikkje prinsipiell art som ikkje har vesentlege økonomiske eller praktiske konsekvensar
- Handsame andre saker som kyrkjeverja legg fram for AU
- Handsame saker som AU tek opp av eige tiltak

Leiar og kyrkjeverje saman kan ta avgjerd i saker som nemnt ovanfor og som bør avgjerast før AU kan samlast i møte.

Dersom kyrkjeverja er forhindra i å møte og saka hastar, kan AU eller leiar ta avgjerda aleine.

Avgjerder som AU eller leiar tek etter reglane ovanfor, skal refererast i første møte i SFR etter at avgjerdene er tekne.

8 GENERELT

8.1 FORTOLKING


Dersom det er grunn til tvil om ei sak kan behandlast administrativt med heimel i delegasjonsreglementet, skal saka leggest fram for SFR.

8.2 ENDRING

Endring av reglementet kan berre gjerast av SFR.

8.3 VARIGHEIT / EVALUERING

Reglementet gjerast gjeldande frå vedtak i SFR og skal evaluerast innan utgangen av kvar valperiode. SFR kan til ei kvar tid gjere endringar i reglementet.



SAKSUTGREIING

Utval: Aukra sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 7. mars 2024
Møtetid: Kl. 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 12/24 Rekneskap for Aukra SFR 2023

Rekneskapsfører har avslutta rekneskapen for Aukra sokn 2023 den 28.02.2024. Talrekneskapen følger som eige vedlegg til innkallinga.

Driftsrekneskapen viser at sum driftsinntekter var kr. 4 849 116 mot budsjettert kr. 4 523 000. Sum driftsutgifter var kr. 4 926 098 mot budsjettert kr. 4 523 000. Brutto driftsresultat kom da ut med eit underskot på kr. 76 983. Korrigert for netto finansinntekter på kr. 30 565, blei netto underskot på kr. 46 418 som dekkast av tidlegare års unytta midlar/disposisjonsfond.


Som ein konsekvens av at sprinklaranlegget i kyrkja i stor grad blei finansiert med tidlegare års unytta midlar og disposisjonsfond, blei kr. 792 000 overført til investeringsrekneskapen. Kr 716 818 er avsett til disposisjonsfond. Kr. 202 655 av dette er disponert, i hovudsak til finansiering av utført arbeid på sprinklaranlegget.

Investeringsrekneskapen viser at det er brukt kr. 3 386 681 inkl. mva. til sprinklaranlegget. Dette er finansiert med momsrefusjon, tilskot frå KNIF, samt bruk av bundne og ubundne driftsfond. Ein reknar med at sluttoppgjjer og slutføring av anlegget vil koste om lag kr. 250 000 i 2024.

Aukra SFR skal i denne omgang godkjenne rekneskapen som sin årsrekneskap for 2024. Etter revisjon må SFR ta opp rekneskapen på nytt og justere for eventuelle revisjonsmerknadar før rekneskapen blir endeleg vedteken.

Forslag til vedtak:

Aukra SFR godkjenner rekneskapen for 2023 som framlagt i saka.



SAKSUTGREIING

Utval: Aukra sokne- og fellestråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 7. mars 2024
Møtetid: Kl. 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 13/24 Godkjenning av arbeidsavtale med Nils Lykkeslet Sæther

Frå 1. februar overtok Nils Lykkeslet Sæther som fungerande kyrkjevevjerje etter Sigurd Moltubak. Det inneber at han i prinsippet kan utføre alle dei oppgåvene som er delegerte frå SFR til kyrkjevevjerja. For å formalisere dette forholdet er det utarbeidd ein enkel arbeidsavtale som begge partar må godkjenne. Her er det også vist til eit vedlegg som definerer nærare kva for arbeidsfordeling dei to fungerande kyrkjevevjerjene skal ha seg imellom.

Eit vilkår for at Nils kan ta på seg oppdraget er at han må kunne kombinere arbeidet med si private næringsverksemd. Han ønskjer derfor eit minst mogeleg formelt forhold, der det t.d. ikkje er definert noka fast arbeidstid, men i staden kva for oppgåver han skal løyse. I den grad desse er knytt til spesielle vekedagar eller tider vil han tilpasse seg dette. Avtalen er gjort tidsuavhengig og gjeld «inntil vidare», det vil seie til ein av partane seier opp avtalen eller ønskjer å endre han.

For å unngå mogeleg inhabilitet i høve til private næringsinteresser, vil Nils normalt utøve attestasjonsmynde, medan Max Ingar vil utøve tilvisingsmynde.

Forslag til vedtak:

Aukra SFR godkjenner vedlagte arbeidsavtale med Nils Lykkeslet Sæther.
Avtalen gjeld inntil ein av partane seier han opp eller ønskjer å endre han.



ARBEIDSAVTALE

(for mellombels tilsetjing)

1. Arbeidstakar og arbeidsgivar

Arbeidsavtalen er inngått mellom Nils Lykkeslet Sæther, f. 07.04.1966 (arbeidstakar) og Aukra sokne- og fellestråd, org.nr. 976 997 654 (arbeidsgivar).

2. Arbeidsstad: Aukra kyrkjelydskontor

3. Stilling: Vikar for kyrkjevevjerje

4. Tilsetjingsforhold: Mellombels tilsetjing i den faste kyrkjevevjerja sin sjukepermisjon. Avtalen gjeld frå 1. februar 2024 og inntil vidare.

6. Løn, arbeidstid, godtgjerjing m.m.

Arbeidet vert løna med tariffløv etter innlevert timeliste. Timetalet regulerast etter behov i samråd med leiar i Aukra sokne- og fellestråd.

Arbeidstakaren skal løyse gitte arbeidsoppgåver som beskrive for Vikar 1 i vedlagte liste.

Ferie og feriepengar følgjer reglane i ferieloven og Hovedtariffavtalen kap. 1 § 7.

8. Arbeidsforholdet er regulert av Hovedavtalen, Hovedtariffavtalen og særavtalar for KAs tariffområde og arbeidsmiljøloven.

Aukra/Dato

For Aukra sokne- og fellestråd
Erlend Melby
Leiar

Nils Lykkeslet Sæther
Arbeidstakar


RETTLEIANDE OPPGÅVEFORDELING FOR KYRKJEVERJEVIKARANE I AUKRA SOKN 2024

Vikar 1:

- **Stabsmøte** kvar tysdag 10.00 – 11.30. Sende innkalling med saksliste før helga. Sjå til at det blir skrive referat.
- **Oppfølging etter stabsmøte:**
 - Annonse til RB
 - Plakatar, Facebook, Det skjer i Aukra. Annonsering om gudstenester
 - Info til frivillige og stab om søndagens gudsteneste (epost)
- **Personell.** Sjå til at det er organist, kyrkjetenar, klokkar og frivillige til kvar gudsteneste og gravferd. Ha kontakt med gravferdsbyrå.
- **Skaffe vikarar.**
- **Økonomi.** Attestere rekningar som er lagt inn i Visma. Om det kjem rekningar i posten, må dei bli skanna og sendt til Økonomikontoret (Hustadvika)
- Må halde kontakt med økonomikontoret når det gjeld **kontantar og vipps** etter ofringar.
- **Timelister, reiserekningar** og skjema for **personlege utgifter** må bli sendt til lønnskontoret i Aukra innan utgangen av kvar månad. Det gjelder for alle fellesråd-tilsette og vikarar.
- **Utleige av KLH** (Kyrkjelydshuset). Gjere avtale med leigetakar og informere reinhaldar. Sende rekning i etterkant av utleige. Ved minnestunder med ynskje om dugnadshjelp, må kontaktperson i dugnadsgjengen bli kontakta.
- **Daglege rutinar:** Hente og distribuere post, gå gjennom og fylgje opp epost. halde orden på møterommet, tilsyn med kopimaskina, innkjøp av kaffi mm, oppdatere hyllene med ulike skjema. Ha kontortelefon med som «heimekontor».
- **Ecclesia**, gravferdsprogram i samarbeid med kyrkjetenar

Vikar 2:

- Førebu og vere sekretær for **Aukra sokne- og fellesråd (SFR)**
- Førebu og vere sekretær for **Arbeidsutvalet (AU)**
- **Økonomioversyn.** Tilvise rekningar. Utøve budsjettkontroll i samarbeid med økonomikontoret i Hustadvika
- **Prosjekt.** Følgje opp aktuelle prosjekt for kyrkja, kyrkjelydshuset og gravplassen.



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 7. mars 2024
Møtetid: Kl. 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Unnateke offentlegheit, jf. off.lova § 13

Sak 14/24 Personalsituasjonen – status og vidare prosess

Munnleg orientering ved rådsleiar.



SAKSUTGREIING

Utval: Aukra sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 7. mars 2024
Møtetid: Kl. 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 15/24 Eventuell endring av dag for tysdagskafeen

Dei ansvarlege for tysdagskafeen v/Kari Fanghol har bede soknerådet drøfte ei eventuell endring av vekedag for kafeen. Bakgrunnen er at det ofte er kollisjon med minnesamvære etter gravferder på tysdagar, og da må kafeen avlysast. Tysdag blei opphavleg vald for å unngå kollisjon med songtreff og kafé på Frivilligsentralen eller omsorgssenteret på onsdagar. Frivilligsentralen arrangerer ikkje lenger slike treff, og det er derfor mogeleg å velje onsdag som fast kafédag.

Det er fleire moment som må vurderast før ein konkluderer. Saka vedkjem både dugnadsgjengen og dei som trufast nyttar seg av tilbodet, og begge partar bør bli høyrte. Eit moment *for* tysdagen er at han er godt innarbeidd og dessutan passar inn i rutinen med kvardagsmesse kvar første tysdag i månaden. Ulempa er altså først og fremst at ein må avlyse dei tysdagane det er minnesamvære.

På tysdagskafeen 27.02.24 blei dei frammøtte spurt om dei hadde synspunkt på ei eventuell flytting av dag til onsdag. Det framkom ingen innvendingar mot dette.

Tysdagskafeen er eigentleg diakoniutvalet sitt prosjekt, men ettersom det ikkje er oppnemnt nytt diakoniutval for inneverande valperiode, leggest saka fram for soknerådet til behandling.

Saka leggest fram til drøfting utan innstilling.



SAKSUTGREIING

Utval: Aukra sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 7. mars 2024
Møtetid: Kl. 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 16/24 Beskjering av tre ved kyrkja

Det store treet nærast kyrkja har med åra blitt svært høgt og omfangsrikt (sjå bilde). Kyrkjegardsarbeidaren er redd det kan velte og gjere skade på kyrkja om det kjem ein sterk storm. Det er også ein del tre langs fylkesvegen og inne på kyrkjegarden som har blitt svært høge og som kan hende burde vore beskore.

Saka blei drøfta AU-møtet 15.02.24. Fung. kyrkjevevje og gartnar Nils Lykkeslet Sæther var til stades, og meinte trea kan beskjerast ganske mykje og likevel danne ny krone. Frå andre stader veit ein at slik beskjering ofte skaper sterke kjensler blant folk. Ein bør derfor vere sikker på at arbeidet er naudsynt og fornuftig både ut frå ein gartnarfagleg og tryggleiksmessig vurdering (HMS).

AU bad fung. kyrkjevevje undersøker eventuelt regelverk kring beskjering av eldre tre ved kyrkjer og på kyrkjegard og utfordra Nils L. Sæther til å gi ei gartnarfagleg vurdering av kva som bør gjerast.

Når det gjeld regelverk, er det lite å finne om beskjering av tre ved kyrkjer og på kyrkjegard. Det næraste ein kjem er rundskriv Q-06-2020 *Forvaltning av kirke, gravplass og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø* frå Barne- og familiedepartementet og Klima- og miljødepartementet. Aukra kyrkjegard kjem inn under reglane for automatisk freda middelalderkyrkjegard, der det i pkt. 3.3.1, 2. avsnitt heiter:

«Alle tiltak på automatisk fredete gravplasser, som gravlegginger, oppfyllinger, utvidelser, graving av grøfter, planting av trær, oppføring/ending av bygg mv., krever tillatelse fra rette kulturmiljømyndighet ...»

Ein fellesnemnar for alle dei opplista tiltaka er at dei fører til graving i bakken. Derfor er planting av tre nemnt som søknadspliktig tiltak, medan felling eller beskjering av eksisterande tre ikkje er nemnt. Ein legg derfor til grunn at slike tiltak ikkje krev særskild løyve.

Når det gjeld kva for tre som bør beskjerast i denne omgang, vil ein tilrå å avgrense det til treet ved kyrkja. Trea langs fylkesvegen representerer ingen fare for kyrkjegarden, men eventuelt for dei som ferdast på gangvegen dersom greiner skulle falle ned. Eventuell beskjering av desse trea må planleggast og gjennomførast i samarbeid med vegstyresmaktene, her truleg kommunen.

Forslag til vedtak:


Aukra SFR vedtek å beskjere det store treet ved kyrkja så mykje at det ikkje utgjer nokon fare for kyrkja, men likevel vil kunne danne ny krone.



Treet og kyrkja sett frå sør



Treet har sår etter tidlegare greinfelling. Sårrområda er delvis rôtne.



*Treet i sommarskrud.
Foto: Torild Granhaug/Kyrkjebyggdatabasen*



*Treet i tidlegare tider. Årstal ukjent.
Foto: L. Sommer/Romsdalsmuseet*



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellestråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra sokne- og fellestråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 7. mars 2024
Møtetid: Kl. 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 17/24 Høyring – Revisjon av prostigrensar i Møre bispedøme

Møre bispedømeråd har sendt ei sak om revisjon av prostigrensar i Møre bispedøme på høyring. Høyringsbrevet følgjer saka (nedanfor), medan det tilhøyrande høyringsnotatet ligg ved som eige vedlegg til innkallinga.

Møre bispedømeråd har peika på fem ulike modellar eller alternativ til prostiinndelinga i dag. Ingen av alternativa vil endre Aukra si tilknytning til Molde domprosti, men fleire av alternativa inneber ei endring av grensene for domprostiet. Saka har sin bakgrunn i kommunesamanslåingane i 2020 som førte til at Nesset kommune blei ein del av nye Molde kommune og dermed blei overført frå Indre Romsdal prosti til Domprostiet, og at Austre Sunnmøre prosti mista kommunane Ørskog og Skodje til Ålesund og blei slått inn i Nordre Sunnmøre prosti. Indre Romsdal prosti blei dermed svært lite (berre kommunane Rauma og Vestnes), medan Nordre Sunnmøre prosti blei svært stort.

Dei endringane som indirekte gjeld Aukra, er framtida til Indre Romsdal prosti. Her er det tre alternativ: (1) Inga endring, (2) slå Indre Romsdal prosti saman med Domprostiet eller (3) opprette eit nytt prosti for Indre Romsdal (Rauma og Vestnes) og indre delar av Nordre Sunnmøre prosti (kommunane Stranda og Fjord).

Ein refleksjon i denne samanheng er at det er vanskeleg å vurdere prostistrukturen før den framtidige prosterolla i samband med ny kyrkjeleg organisering er avklara. Det store spørsmålet der er i kva grad prostane skal involverast i den daglege leiinga av sokna saman med kyrkjevevane. Dersom prostane skal vere «tett på», er det eit argument for mindre prosti. På den andre sida kan framtidige effektivitetsomsyn tale for at ein ikkje bind opp for mykje av presteressursane til prostestillingar.

Prostia er først og fremst eit trinn i «embetslina» og har ingen tilsvarande organ i rådslina. I utgangspunktet vil prostiinndelinga derfor først og fremst angå prestetenesta. Høyringsnotatet frå arbeidsgruppa legg da også hovudvekta på dette aspektet. Men prestane si tilknytning til prostiet vil indirekte også påverke arbeidet i dei kyrkjelege fellestråda og dei fellestrådstilsette. Reformene etter at statskyrkja blei folkekyrkje i 2017 legg i større grad vekt på prosten sitt ansvar og tilsyn ikkje berre med prestane, men også med dei lokale vigsla stillingane og med kyrkjelydane. På fleire område går utviklinga i retning av å etablere meir samarbeid innan prostia, og Kyrkjeordninga § 8 nr. 4 gir jamvel høve til å etablere kyrkjelege fellestråd som omfattar fleire kommunar innan eit prosti.

Når det gjeld indre Romsdal prosti vil ein argumentere for at ei eventuell endring må skje ved ei samanslåing med Domprostiet og ikkje ved å opprette eit nytt prosti på begge sider av Ørskogfjellet. Det er fleire grunnar til dette:

- Romsdal fogderi var eitt prosti fram til 1862 da det blei delt i Indre og Ytre Romsdal prosti. Det er likevel ein høgst levande «romsdalsidentitet» på tvers av prostigrensene.
- Folkekyrkja bør i store trekk avspegle sivilsamfunnet for å skape effektive og «forståelege» administrative einingar. Fylkeskommunale utgreiingar viser at Romsdal med Molde som regionsenter er den «nærregionen» som heng best saman i heile fylket. Det gjeld på område som kommunikasjonar, bu- og arbeidsmarknad, handel, idrett og kultur, vidaregåande skular, interkommunalt samarbeid og statlege institusjonar.
- Fylkesstatistikken viser ei betydeleg pendling på kryss og tvers mellom kommunane i heile Romsdal. Det er også ein del pendling mellom Vestnes og Ålesund, men svært lite mellom Rauma/Vestnes og indre delar av Storfjord. Storfjorden er retta mot Ålesund som regionsenter.
- Kyrkja og fellesråda har allereie eit godt etablert samarbeid innan romsdalsregionen når det gjeld ulike kurs og samlingar, administrativ og fagleg utveksling, kultur og kyrkjemusikk.
- Kyrkjeverja i Molde har, etter førespurnad frå fellesråd i Domprostiet og Indre Romsdal prosti, teke initiativ til samtalar om mogeleg samarbeid. Det kan gjelde på ulike nivå, alt frå sporadiske einskildtenester eller avtalar om utføring av bestemte oppgåver, til funksjon som vertskapsfellesråd eller felles fellesråd for fleire kommunar.

Forslag til vedtak:

Aukra SFR viser til saksutgreiinga og vil tilrå at Indre Romsdal prosti blir ein del av Molde domprosti dersom det er aktuelt å endre på eksisterande prostigrensar.



Dato: 12.02.2024

Vår ref: 23/01501-4

Dykkar ref:

Høyring - revisjon av prostigrenser i Møre bispedømme 2024

Møre bispedømeråd har i møte 11.januar 2024 vedteke å sende ut ei høyring om revisjon av prostigrenser i Møre bispedøme.

Våren 2023 sette stiftsdirektøren ned ei arbeidsgruppe med mandat til å vurdere og å kome med innspel til eventuelle endringar av prostigrensene i Møre bispedøme. Grensene vart endra i 2019 med verknad frå 2020. Den gong var det endring av kommune- og fylkesgrenser som fekk innverknad på den kyrkjelege inndelinga.

Etter nokre år med erfaringar, observasjonar og tilbakemeldingar er det naudsynt å vurder nokre av prostia på nytt. Dette gjeld særleg Nordre Sunnmøre prosti, Indre Romsdal prosti Molde domprosti og Søre Sunnmøre prosti.

Høyringa blir sendt ut dei som er omfatta av eventuelle endringar. På denne bakgrunn vil høyringa bli sendt til Kyrkjelege fellesråd og Sokneråd i desse fire prostia, prostane, dei kommunane som endringane får følgjer for, og tillitsvalde for vigsla kyrkjelege stillingar. Einskilde personar kan òg gi høyring.

Høyringsnotat som bakgrunn for saka ligg ved dette brevet.
Høyringssvar kan sendast til more.bdr@kirken.no

Frist for høyringssvar er 12.april 2024

Ein ber særleg om svar på følgjande spørsmål:

1. Møre bispedømeråd foreslår ei revisjon av prostigrenser i Møre bispedøme og har særleg peika på ulike alternativ til inndelinga i dag.

Modell 1. Inga endring – status quo

Modell 2. Indre Romsdal og indre deler av Nordre Sunnmøre prosti (alle sokna i Storfjorden) blir eit nytt prosti

eller

Modell 3. Indre Romsdal prosti og Molde domprosti blir eit nytt Molde domprosti

eller

Modell 4: Indre deler av Nordre Sunnmøre prosti (alle sokna i Storfjorden) blir ein del av Søre Sunnmøre prosti.

Postadresse:
Moldetrappa 1
6415 MOLDE

E-post: more.bdr@kirken.no
Web:
Org.nr.:818 088 872

Telefon: +47 71250670
Telefaks:

Sakshandsamar
Lars Skagestad
+47 71250670

eller

Modell 5: Indre deler av Nordre Sunnmøre prosti (alle sokna i Storfjorden) blir ein del av Søre Sunnmøre prosti OG Indre Romsdal blir ein del av Molde domprosti. Dette alternativet er ein kombinasjon av modell 3 og 4.

Kva for eit alternativ/modell meiner de er det beste?

Gje gjerne ein kommentar eller grunngjeving for svaret.

2. Namn på prosti

Forslag Modell 2: Indre Romsdal prosti

Forslag Modell 3: Molde domprosti.

Korleis stiller høyringsinstansen seg til desse forslaga på namn på prostia?

3. Dersom ein vel modell 2 er det eit spørsmål om prostesete skal flyttast frå Åndalsnes til Vestnes.

Kva meiner de om dette?

4. Andre kommentarar.

Med helsing

Bjørn Olaf Storhaug
Stiftsdirektør

Lars Skagestad
Rådgjevar personal

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

HØYRINGSNOTAT revisjon av prostigrenser i Møre bispedøme

Mottakarar:

[Click here to enter text.](#), [Click here to enter text.](#)

[Click here to enter text.](#)

[Click here to enter text.](#)



SAKSUTGREIING

Utval: Aukra sokne- og fellestråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 7. mars 2024
Møtetid: Kl. 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 18/24 Høyring – utkast til forskrift om tilskot til kulturhistorisk verdifulle kyrkjebygg

Bakgrunn

Stortinget har vedteke at verdiane i Opplysningsvesenets fond (Ovf) skal delast mellom Den norske kyrkja og staten. Stortinget har samtidig forplikta staten til å auke innsatsen for bevaring av kulturhistorisk verdifulle kyrkjebygg tilsvarende verdien av staten sin del av Ov. For å følge opp dette har regjeringa beslutta at det skal brukast inntil 500 mill. kroner årleg i 20-30 år på istandsetting av kulturhistorisk verdifulle kyrkjebygg. Barne- og familiedepartementet (BFD) har sendt på høyring forslag til forskrift som skal regulere korleis statens tilskot skal innrettast.

Bevaringsstrategien omfattar tre bevaringsprogram:

- Bevaringsprogram for middelalderkyrkjer
- Bevaringsprogram for kyrkjer frå år 1537 – 1850 (automatisk listeført)
- Bevaringsprogram for kyrkjer oppført etter 1850 (individuell listeført)

Fram til 1000-årsjubileet for slaget på Stiklestad i 2030 vil bevaringsprogrammet for middelalderkyrkjer ha høgast prioritet. Målet er å sette i stand alle dei 159 steinkyrkjene frå middelalderen innan 2030.

Kvart program skal innehalde fire innsatsområde:

- Innsatsområde 1 – Bevaring (istandsetting, sikring og konservering)
- Innsatsområde 2 – Kunnskap og kompetanse
- Innsatsområde 3 – Oppleving og formidling
- Innsatsområde 4 – Engasjement og deltaking

Høyringsdokumenta finn ein her: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-utkast-til-forskrift-om-tilskudd-til-kulturhistorisk-verdifulle-kirkebygg/id3026618/?expand=horningsnotater>

Kva kan bevaringsprogrammet bety for Aukra kyrkje?

Aukra kyrkje frå 1835 er automatisk listeført og inngår i bevaringsprogrammet for kyrkjer frå år 1537 – 1850. Her kan ein søke om tilskott til istandsetting, sikring og konservering, både av sjølv bygget, interiør og inventar. Ein kan også få tilskot til tiltak for enøk, inneklima og universell utforming. Ordninga omfattar både undersøkingar, forprosjekt og gjennomføring av hovudprosjekt.


For prosjekt med kostnadar i intervallet 0 – 10 mill. kr. kan staten dekke 15 % av kostnaden og for prosjekt i intervallet 10 – 30 mill. kr. 30 %. For prosjekt over 30 mill. kr. Kan staten dekke 80 %.

Ei eventuell høyringsuttale frå Aukra fellesråd bør vere kort og poengtert. Fung. kyrkjeverje har saman med kyrkjeverja i Molde prøvd å trekke ut nokre punkt som ein finn grunn til å kommentere. Desse er summert opp i forslaget til vedtak.

Forslag til vedtak

Aukra fellesråd vil gi følgjande høyringsuttale til utkast til forskrift om tilskot til kulturhistorisk verdifulle kyrkjebygg:

- Aukra fellesråd helsar ordninga med tilskot til kulturhistorisk verdifulle kyrkjebygg velkommen. I mange kommunar er det vanskeleg å få løyvd nok pengar til kyrkjevedlikehald, noko som kan føre til forfall og uerstattelege tap av kulturminneverdiar.
- Det er positivt at programmet legg vekt på kunnskap, kompetanse, oppleving og engasjement. Dette må likevel ikkje ta ein urimeleg del av løyvingane. Førsteprioritet må vere å bruke mest mogeleg av midlane til innsatsområde 1 – Bevaring.
- Ordninga må ikkje bli ein arena berre for ekspertane og den nasjonale spisskompetansen. Det er like viktig å bygge kompetanse regionalt og lokalt, både m.o.t. planlegging, prosjektgjennomføring og hos fellesråd og driftspersonell som skal følgje opp FDV-planane.
- Tilskotssatsen for dei minste prosjekta er berre 15 %. Veldig mange prosjekt, særleg på listeførte trekyrkjer, vil hamne i den gruppa. Minstesatsen må truleg hevast til 30 eller 40 % for å bli tilstrekkeleg interessant for kommunane.
- Det er betryggande at kyrkja er tungt inne i programstyret og prosjektet elles, og at KA sin kyrkjebyggdatabase skal vere «navet» i prosessen. Programstyret er likevel svært topptungt, og ein saknar større innslag av fellesråda som kyrkjeegarar og forvaltarar av bygga.
- Prosjektet har svært einsidig fokus på istandsetting, sikring og konservering. Kyrkjebygget som trusarena er lite nemnt. Det vil vere naturleg at også kyrkjelydane sine liturgiske og praktiske ønsker og behov blir vurdert i samband med istandsetting og bevaring.



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 7. mars 2024
Møtetid: Kl. 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 19/24 Referat- og orienteringssaker

Sak 19/24-1 Notat etter misjonsbasaren 2. februar 2024

Notat utarbeidd av Svein Løwe. Motteke 26.03.24.

Sak 19/24-2 Notat etter grautsal på feitetysdag 13. februar 2024

Notat utarbeidd av Svein Løwe. Motteke 26.03.24.

Sak 19/24-3 Orientering om eventuelt samarbeid med Molde og Hustadvika KF

Munnleg orientering ved leiar.

Sak 19/24-4 Referat frå møte i AU 15.02.2024

Misjonsbasar 2024

Misjonsprosjektet der kyrkjelyden er med og støttar Misjon Uten Grenser sitt arbeid i Moldova har fått så god mottaking i kyrkjelyden. Det var om lag 70 personar innom basaren, og vi omsette for 32768 kr. Det vart selt lodd for om lag 15 000 på bok, om lag 6 000 kr på førehand, og resten kom inn på basarkvelden.

Gevinstar

I og med at det ikkje var basar i 2023, hadde det samla seg opp nokre gevinstar sidan sist basar. Det var både åregevinstar og finare gevinstar til loddbok. Spesielt i år var at nokre damer i Aukra Husflidslag hadde strikka ein del gevinstar, både store og små. Nokre av gevinstantane var strikka av restegarn dei hadde fått fordi nokon hadde slutta å strikke.

Det kom også gevinstar frå næringslivet, mest i form av gåvekort. Mange enkeltpersonar elles kom også med gevinstar, slik at vi endte opp med 31 gevinstar på loddboika, og vi hadde 5 åreomgangar med godt og vel 20 trekningar på kvar.

I og med at det hadde vore nokre strikkeglade kvinner i sving, har vi så mange store gevinstar, at vi valte å la nokre strikka gevinstar stå over til neste år. Gevinstantane vert lagra på eit rom på gamle Aukraheimen.

Loddsal på førehand.

Vi la fram loddboka på tysdagskafeen og sosiale medium den siste veka før basaren. I tillegg vart reklame for basaren og loddsalet vårt kunngjort ved plakatar. Der fekk folk tilbod om å kjøpe lodd ved å VIPPSE pengar til misjonsprosjektet. Det fungerte godt. Som tidlegare nemnt kom det inn om lag 6 000 kr før basaren.

Åresal

Vi hadde planlagt å ha 5 åreomgangar, og ta 10 kr pr år. Etter lærdom frå andre basarar, selte vi årene til første omgang. Men vi samla ikkje inn årene etter kvar omgang, men folk fekk tilbod om å behalde årene heile kvelden mot at dei betalte for 5 omgangar med ein gong. Det var også høve til å berre betale for ein og ein omgang og få av årer som var til overs. Dette var basert på tillit, og vi har ingen grunn til å tru at nokon lura seg unna å betale. I og med at folk har lite kontantar, og det er vanskeleg å få tak i vekslepengar, så vart VIPPS flittig brukt. Når det gjeld vekslepengar, er det vanskeleg å få det i banken. Men i år hadde vi god erfaring med Coop Extra. Der fekk vi ut dei vekslepengane vi ville ha.

På denne måten med åresal, heldt mengda av årer i omløp nokså stabil heile kvelden. Vi hadde gevinstar til om lag 20 trekningar kvar omgang. Åresalet vart også meir effektivt, i og med at vi ikkje samla inn årer for kvar gong.

I år hadde vi ordna oss med årer opp til 2000, Men det viste seg å vere ei lagleg mengde å selje årer opp til 1500. Då var alle årene utselt heile kvelden, og trekkinga gjekk fort og greitt.

Tombola

Erfaringa frå tidlegare basar gjorde at vi hadde berre tombola for ungar denne gongen. Det var ikkje mange ungar til stades, men dei som var der og kjøpte lodd, vann ofte. Det kosta 10 kr 5 lodd, men ein kunne ikkje kjøpe for meir enn 20 kr kvar gong, slik at alle fekk prøve seg. Det var gledeleg at to konfirmantar stilte opp og hjelpte oss på tombola i år.

Mat

Vi valte å ha eit nytt opplegg for mat i år. Det vart bestemt at vi skulle selje kaker, gjærbakst og pølser m. brød heile kvelden. Det vart selt kaker av ulike slag, bollar, aniskringler, horn, og sveler. I år var det også passa på at vi hadde eit glutenfritt alternativ. Folk kunne gå og kjøpe seg mat når dei ville. Kaffi vart sett på borda. Og dei som heller ville ha brus, kunne få kjøpt det. Det var tilbod på brus i boksar på butikken, så vi kjøpte inn det i staden for ½ -liters flasker. Det viste seg å vere rikeleg med mat.

Prisar: For 20 kr kunne du få pølse m. brød eller velje blant baksten. Bollar og halve aniskringler kosta 10 kr. Brusen kosta 20 kr. (Det var litt dyrt, men pga problem med vekslepengar, kunne vi ikkje ta 15 kr.)

Legg ved lista over mat som var laga, så ein kan sjå om lag kor mykje som trengst

Berit Cesilie	Kake
Marta Kristin	Boller
Edvin	Sjokoladecake
Kari Margrete	Aniskringler og kake
Svein	Horn
Anne Berit	Glutenfrie sveler
Erlend	Kake

Betalingsystem

Somme hadde ordna seg med kontantar. Men det fungerte veldig greitt med Vipps også. Misjonsprosjektet har eige Vipps-nummer. Slik opplegget vårt var med betaling for 5 åreomgangar på ein gong o.l., vart mykje av betalinga basert på tillit. Vi har inntrykk av at det fungerte greitt.

Bemanning

Kjøkken	Kakebord	Åresal	Loddbok	Tombola
Berit Marie Kari Margrete Knut Anne Berit Britt Karin	Kari Fanghol Eli Vengen Knut Oterhals (pølser m. brød)	Gunnar Marta Kristin Svein Edvin Erlend og Hans (Trekking)	Berit Cecilie	2 konfirman- tar Helene Evensen Aurora Malene Sporsheim

Det var veldig kjekt at 2 konfirmentar meldte seg frivillig til å hjelpe til på basaren. Stort sett var det grei bemanning.

Evaluering/ Utfordringar

Tidspunktet for basaren ser ut til å vere gunstig. No har vi skapt ein tradisjon for misjonsbasar i månadsskiftet februar/ mars. Tidspunktet vert sett i samråd med Normisjonsforeinginga som har basar like før påske. Ein må passe på at basarane ikkje kjem for tett oppi kvarandre. Når påska varierer frå år til år, vil datoen for misjonsbasaren også vere til litt ulike tidspunkt.

Det er kjekt å ha samarbeid med konfirmantane, og at somme kan hjelpe til på basaren.

I 2022 hadde konfirmantane eit opplegg i konfirmanttida si der dei brukte ein kveld til å setje saman fuglekasser av byggesett som vart laga på førehand. I tillegg fekk dei ein liten misjonstime der dei fekk kunnskap om misjonsprosjektet vårt. Fuglekassene vart brukt som åregevinstar på basaren. Dersom ein vil halde fram med det, må det vere med i planen for konfirmanttida.

Gevinstar

Det var god tilgang med gevinstar både til åresal og loddbok. I etterkant har vi også fått melding om at det spesielt fine gevinstar i år. Det er viktig at vi startar tidleg å oppmode folk til å støtte oss med gevinstar. Når vi bed om gevinstar, så er det mange som vil hjelpe oss. Det viser seg at handlaga gjenstandar vert sett stor pris på. Vi bør ha om lag 15 gevinstar pr åreomgang, og om lag 15 – 20 fine gevinstar til å ha på bok. (verdi 300 – 500 kr)

I år hadde vi godt over det vi ser på som eit minstemål. I tillegg er det ein del gevinstar som ligg over til neste år.

Loddsal på førehand.

Å selje lodd på bok på førehand er viktig for eit godt sluttresultat. I år selte vi for 6 000 kr. Det er ein veldig god ide å selje lodd via Facebook med betaling på Vipps. Loddkjøparane melder inn talet på lodd på SMS og betalar med Vipps. Mange som ikkje kjem på basar, støttar oss ved loddkjøp på Vipps. Men i år kom vi for seint i gang, og vi hadde ikkje tilstrekkeleg tilgang til sosiale medium, slik at vi fekk kunngjort det tidleg nok. Dersom vi hadde vore tidlegare ute, kunne vi nok ha selt mykje meir lodd via sosiale medium.

Åresal

Åresalet gjekk greitt. Ein må ha om lag 400 årer, nummer opp til 2000.

Når folk betalte for 5 åreomgangar med ein gang, gjekk ikkje salet ned på slutten av kvelden. I og med at vi ikkje hadde nokon pause til mat, gjekk alle 5 åreomgangane fortløpande. Hovudtrekkinga var siste post på programmet.

Sal av kaker og anna mat heile kvelden og kaffi på borda såg ikkje ut til å forstyrre for loddsalet.

Tombola

Fungerte greitt. Kjekt med konfirmantar som medhjelparar. Men det er ikkje lurt å ha eit større misjonstivoli same kvelden. Det kan bli for mykje samanblanding.

Mat

Det vart selt om lag 40 pølser med brød. Kakeutvalet såg ut til å falle i smak. Dei «fine» kakene vart utselt, men vi sat att med nokre bitar av skuffekake.

Kakebordet ute i gangen fungerte bra. Pølse m. brød vart selt på eit bord for seg sjølv.

Ved å betale slik som det er skissert ovanfor, gjekk betalinga greitt, både med kontantar og Vipps.

Bemanning

Det var nok folk til å hjelpe til. Men dersom endå fleire stiller opp, kan ein bytte på litt utover kvelden, slik at det ikkje blir så intenst for dei som er med.

Kunngjering

Misjonsbasar er kyrkjelyden sin basar for å oppfylle målet om mest mogleg pengar til støtte for vanskelegstilte i Moldova.

Derfor er det viktig at basaren vert skikkeleg kunngjort i god tid i førevegen. Det er viktig at dette blir med i kunngjeringane, slik at basaren blir framsnakka på alle gudstenester etter nyttår. Der kan ein snakke om tidpunkt for basaren og oppmode folk om å bidra med gevinstar. Det er kyrkjelyden sin basar og kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt. Derfor er det viktig at også staben er så opptatt av dette at kunngjeringane ikkje dett ut.

Kunngjering av basaren må også ut på sosiale medium og plakatar og haldast ved like heilt fram til basardagen. Det var nok ein del som ikkje hadde fått med seg at det var basar i år. Det kom om lag 70 menneske på basaren, men vi har plass til å ta imot 100, så vi ser gjerne at det kjem fleire.

Når det gjeld loddsal på bok, hadde vi ein nedgang i år i høve til tidlegare år. Der må ein starte minst to veker før basaren og tilby lodd via sosiale medium med tilbod om betaling via Vipps.

Oppsummering av grautsal på feitetysdag 13.02.24 i Kyrkjelydshuset.

Serveringa var open frå 16.00 – 18.00. Dei aller fleste som ville ha graut kom før kl 17. Somme var der også før kl 16, men grauten var ferdig, så dei fekk servering då dei kom. Det var ein stor svikt i oppmøtet i år, berre 27 betalande gjester. I tillegg var vi 5 på kjøkkenet. Men det var god stemning blant dei som var der. Somme hadde så god tid at vi «måtte truge med å blinke med lyset», for å få dei til å gå. Det er alltid triveleg når folk tek seg god tid og kosar seg. Grauten var god i år også Fjordland har eit godt produkt. Prisen var 100 kr pr vaksen for graut, saft og spekemat. Barn under 15 år gjekk gratis, men det var ingen barn der i år. Dei som ville ha påfyll, betalte 50 kr. Det kom inn om lag 2700 kr, og i og med at prisen for graut var 100 kr, kom vi greitt ut av det med vekslepengar. Vi hadde nokre pengar i gåvekassa i KLH som kunne brukast til vekslepengar. Dei flest betalte med Vipps, og det gjorde også betalinga lettare.

Svikten i frammøtet dette året skuldast nok altfor dårleg kunngjering. Grautsalet var berre kunngjort ved plakatar på butikkane, i kyrkja og i KLH. Det stod også under «Det skjer» i RB. Skal ein nå folk flest, må ein antakeleg ut og annonsere på sosiale medium.

I år hadde vi ikkje hjelp utanfrå. Det var soknerådsmedlemer i lag nokre frivillige elles som stilte opp og kokte graut, dekte bord, serverte og vaska opp etterpå. Vi møttest kl. 14.00, og vi var klare til servering i god tid før kl. 16. På borda dekte vi med glas og serviettar. Der var det også ei skål med spekemat, ein asjett med flatbrød og ein karaffel med saft. Vi hadde eit bord bakerst i salen der vi auste opp graut etter kvart som folk kom. På det bordet var det også sukker, kanel, rosiner og feitt. Det var nok med ein person til å ause opp graut når det kom så få. Bakerst i salen hadde vi også sett opp eit lite bord med kaffikoppar med ein Twist på tefatet. Kaffikanner stod ved sida av, slik at dei som ville, kunne ta seg ein kaffikopp etter grauten. Vi var også dei same til å rydde og vaske opp etterpå, og det gjekk greitt.

Etter erfaring frå 2019 og 2020 kjøpte vi inn 32 kg rømmegraut og 8 kg risengrynsgraut. Vi vermde først opp 12 kg rømmegraut og 4 kg risengrynsgraut, så vermde vi opp 12 kg rømmegraut til og 4 kg risengrynsgraut. Grunnen til å verme opp i to omgangar var at grautkjelen vi auste opp frå, vart kald. Derfor måtte vi ha ny og varm graut til servering seinare.

Porsjonane vi auste opp var 2 ½ grautauser. Det var vanskeleg å få porsjonane like, så vi kan ønskje nye grautauser som rommar 3 dl, for då bli det nok å ause opp ei ause på kvar tallerken. Det hadde også vore ein fordel om vi hadde hatt ei varmeplate under grautkjelen inne i salen. Då held den seg lenger varm.

Vi brukte konvektoromnen til oppvarming først, før vi hadde grauten over i ei gryte for å få rørt den godt opp. Det er lurt å sjå til at grauten er på kokepunktet i gryta, for at den skal vere varm nok. Viktig å passe på å bruke dei perforerte bakkane når ein varmar grauten med damp. Grauten blir varm i løpet av 40 min. i dampen. Vi hadde kjøpt inn 3 liter mjølk for å spe grauten dersom han vart for tjukk. Det var nok.

I og med at frammøtet var så lite, vart det ein del graut til overs. Vi har frose ned nokre soddspann med rømmegraut som kan brukast på tysdagskafeen utover våren. I tillegg var det 12 kg graut som ikkje var opna. Den vart også frose ned eller selt. Av risengrynsgraut vart det selt berre ein porsjon, men resten av den grauten vart hatt bort. Ein bør vurdere mengden av graut før ein kjøper inn til neste år.

Vi sette små fat med flatbrød og små skåler med Strandamorr på kvart bord. Vi hadde kjøpt inn 5 pk à 250 g med Strandamorr, og det var rikeleg i dag, men det rengst antakeleg dersom det blir normalt frammøte. Ei pakke flatbrød er nok, men sjå etter på huset kva som finst frå før. Sukker og kanel finst det også ein del av, så det er ikkje sikkert at ein treng å kjøpe inn så mykje nytt.

2 x 1,5 l med Husholdningssaft er nok.

Ein bør ha 2 boksar med rosiner

Som feitt på rømmegrauten brukte vi usalta meierismør. Vi smelta 1 kg, og det var rikeleg, men vi hadde også ei 250 g pk i reserve dersom det skulle kome mange folk. Feittet hadde vi i små fløytemugger.

Kaffikoppene med Twist fungerte bra. Vi kjøpte inn 2 posar med Twist, og det var mykje denne gongen.

Tidlegare har ein hatt ei lita samling undervegs der ein har sunge litt og hatt eit verbalt innslag, kanskje om faste. Det vart det ikkje i år, Det var ingen som hadde tenkt og planlagt noko slikt. Men det bør absolutt takast opp att. Som nemnd tidlegare var stemninga god, sjølv om vi ikkje var mange. Fleire vart sitjande utover og prate til dei nesten vart «jaga».

Men skal ein halde fram med slike arrangement, er ein avhengig av hjelp til annonsering og kunngjering frå kyrkjekontoret som har tilgang til m.a. sosiale medium.

Svein Løwe



DEN NORSKE KYRKJA

Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976 997 654

MØTEREFERAT

Utval: AU i Aukra SFR
Møtedato: 15. februar 2024
Møtetid: 18.05 – 20.25
Møtestad: Prestegarden på Aukra

Desse møtte: Erlend Melby, Marta Kristin Eidskrem og Kristian Finn Risung

Sekretær: Max Ingar Mørk

Elles møtte: Nils Lykkeslet Sæther

Møtet blei leia av Erlend Melby.

Desse sakene blei behandla:

AU-sak 10/24 Reglement for SFR

Gjeldande delegasjonsreglement blei lagt fram til orientering i SFR-møtet 18.01.24. Reglementet er opphavleg frå 1999 og treng revisjon. Ein finn ikkje at det er vedteke andre reglement i Aukra sokn. Kyrkjeleg fellesråd i Molde har nyleg oppdatert sine reglement: Økonomireglement, delegasjonsreglement og ulike personalreglement. Desse bygger i stor grad på KA sine standardforslag, og kan med små justeringar også brukast i Aukra. Kyrkjevevja i Molde har gitt fullmakt til å fritt bruke det vi måtte ønskje.

Vedtak: AU vel ut dei mest aktuelle reglementa og set opp 1-2 av dei som sak på kvart møte, basert på KA og Molde KF sine reglement. Fung. kyrkjevevje legg fram forslag til delegasjonsreglement som sak på neste møte,

AU-sak 11/24 Planlegging av strategidagen laurdag 6. april

Utgangspunkt: Kva treng vi å gjere for å utvikle vår kyrkjelyd? Kva vil vi med Aukra sokn?

Etter ein diskusjon, vedtok AU følgjande:

- Kristian innleier med utgangspunkt i studieprosjektet sitt frå i haust om kyrkjelydsvekst.
- Max Ingar orienterer kort om Kirka vår: Innhald, føremål, og prosedyrar. Eksisterande planar for trusopplæring, diakoni og kyrkjemusikk må leggest inn på førehand.
- Erlend lagar eit forslag til opplegg med ulike bolkar. Tidsramme: kl. 09.00 – 15.00.
- Max Ingar bookar Mevoldtunet.

AU-sak 12/24 Rekneskap for 2023

Dersom rekneskapen for 2023 ligg føre i tide, leggest han fram som sak på SFR-møtet 7. mars. SFR skal i denne omgang vedta rekneskapen som sitt årsrekneskap før han går til revisor for godkjenning. Deretter må SFR gjere endeleg vedtak, evt. justert for revisor sine merknadar.

AU-sak 13/24 Årsmelding og fastsetting av årsmøte

Soknerådet skal etter reglane utarbeide årsmelding innan 20. mars. Denne må behandlast i SFR-møtet 18. april. Revisorfråsegn skal ligge føre innan 30. april, og årsmøtet (soknemøte) bør haldast etter dette. AU må vedta tid og stad.

Vedtak: AU vedtek å halde årsmøtet i kyrkja søndag 2. juni etter gudstenesta. Vedtaket går som informasjon/referat til SFR.

AU-sak 14/24 Personalsituasjonen – status og vidare prosedyrar

Status for stillingane som kontor, trusopplærar og kyrkjevevje:

Kantorstillinga: Det var to søkarar til stillinga. Den eine blei ikkje funnen kvalifisert. Den andre blei funnen å vere godt kvalifisert og det blei gjennomført intervju og prøvespel med han. Etter dette vedtok SFR å tilby han stillinga. Han svarte 10.02.24 at han ikkje tok stillinga.

Trusopplærarstillinga: Tidlegare trusopplærar skal vere med på konfirmantcupen 2. mars og på konfirmantweekend på Bjørnsund. Det er ikkje avtalt at ho skal ha ansvar for andre tiltak i trusopplæringsplanen.

Kyrkjevevjestillinga: Erlend gjorde greie for status i saka. Informasjonen er unnateke offentlegheit og vil bli referert munnleg som lukka sak i neste møte i SFR.

Vidare prosedyrar:

AU drøfta situasjonen. På den eine sida er det vanskeleg å rekruttere til deltidsstillingar. På den andre sida er Aukra sokn i minste laget til å forsvare fulle stillingar som kontor og trusopplærar. Alternativet med å kombinere stillingane kan både avgrense søkargrunnlaget og føre til at ein blir dobbelt sårbar.

AU konstaterte at ein generelt er svært sårbar, og at ein i større grad må tenke samarbeid over kommunegrensene. Aukrasamfunnet er mest retta mot Molde, men Hustadvika kan også vere ein aktuell samarbeidspart.

Vedtak: Før ein konkluderer om eventuell ny utlysing av kontor- og trusopplærarstillingane, ønskjer AU å utgreie mogeleg samarbeid med nabokommunane Molde og Hustadvika, m.a. om kontor- og trusopplærarstillingane.

AU-sak 15/24 Godkjenning av arbeidsavtale med Nils Lykkeslet Sæther

Nils Lykkeslet Sæther er engasjert som kyrkjevevjevikaer etter Sigurd Moltubak frå 1. februar 2024. Nils ønskjer å arbeide på timebasis utan noko fast tilsettingsforhold. Eftersom han vil ha ansvar for fleire oppgåver som er delegert frå SFR til kyrkjevevjerja, bør det likevel utarbeidast ein avtale som stadfestar denne mynda, tilsvarande den som blei inngått mellom dei fungerande kyrkjevevjeviane i 2023.

Vedtak: Det utarbeidast ein arbeidsavtale for Nils Lykkeslet Sæther som fastset arbeidsvilkår og delegert mynde frå Aukra SFR til Sæther i den tida han er engasjert som fungerande kyrkjevevjerje. Avtalen leggast fram som sak til SFR i neste møte.

AU-sak 16/24 Oppdatering av opplysningar i Brønnøysundregisteret

Fung. kyrkjeverje har sendt endringsmelding til Brønnøysundregistrene om nytt styre og ny dagleg leiar for Aukra sokn. Ein voner meldinga blir godkjent og registeret oppdatert snarast råd.

AU-sak 17/24 Tilbakeblikk på arbeidet så langt

AU drøfta særleg misjonsmessa og feitetysdag.

Misjonsmessa gjekk av stabelen fredag 2. februar og gav eit resultat på om lag kr. 33 000,- til misjonsprosjektet. Dette må ein vere godt nøgd med. Tilbakemeldingane tyder også på at messa blei gjennomført på ein fin måte.

Feitetysdag 13. februar blei også gjennomført på tradisjonelt vis. Kristian var skeptisk til at tysdagskafeen før på dagen blei kutta ut, og meinte ein ikkje skulle skalte med dei faste aktivitetane. Svein Løwe har skrive ei oppsummering som leggst fram for SFR som referatsak på neste møte.

AU-sak 18/24 Kirka vår

Kyrkerådet har i løpet av siste veka oppretta tilgang til *Kirka vår* for alle medlemmar og varamedlemmar i soknerådet. Bruken av *Kirka vår* blir tema på strategidagen 6. april.

AU-sak 19/24 Markering av 300-årsjubileum for påskeliljemarka i 2025

Ein veit ikkje sikkert når sokneprest Alexander Borch sette dei første påskeliljene i jorda ved prestegarden på Aukra, men det må ha vore seinast i 1725, da han slutta som sokneprest i Aukra. AU ønskjer å gjennomføre ei skikkeleg markering av 300-årsjubileet i 2025 – helst medan marka står i flor. AU kom med fleire forslag til innslag i markeringa: Jubileumsskrift, reportasjar i aviser og TV (Norge Rundt?), TV-overføring av ei gudsteneste i påska mv.

Vedtak: Saka blir teke opp i SFR.

AU-sak 20/24 Beskjerjing av tre ved kyrkja og på kyrkjegarden

Kyrkjegardsarbeidaren er redd det store treet ved kyrkja kan velte om det kjem ein sterk storm. Treet har blitt svært høgt og omfangsrikt, så om det skulle blåse over ende vil det kunne gjere stor skade på kyrkja. Det er også ein del tre langs gangvegen og i alleen inne på kyrkjegarden som har blitt svært høge og kan hende burde vore beskore.

Nils L. Sæther, som er gartner, meinte trea kan beskjerast ganske mykje og likevel danne ny krone. Frå andre stader veit ein at slik nedskjerjing kan skape sterke kjensler hos somme, og jobben bør baserast både på ei gartnerfagleg og tryggleiksmessig vurdering (HMS).

Vedtak: Fung. kyrkjeverje undersøker eventuelt regelverk kring beskjerjing av eldre tre ved kyrkjer og på kyrkjegard. Nils L. Sæther blir utfordra til å gi ei gartnerfagleg vurdering av kva som bør gjerast. Endeleg vedtak gjerast av SFR.

AU-sak 21/24 Annonsar i Kyrkjebladet

I SFR-møte 18.01.24 blei SFR utfordra på å skaffe annonsar til 2024-utgåvene av Kyrkjebladet. Det har ikkje blitt gjort, og deadline til første nummer er fredag 15.02. Fung. kyrkjeverje har gjort avtale med Svein Løwe i redaksjonen om at dei tek reprise på annonsane frå julenummeret i 2023, og at kyrkjeverjer og sokneråd sørger for å kontakte annonsørane snarast. Ein gamblar da på at dei fleste vil fornye, og om nokon ikkje vil fornye, skjer det ikkje større skade enn at dei får ein gratis annonse i nr. 1/24.

AU-sak 22/24 Konsert med Husorkesteret i Domkyrkja

Husorkesteret i Domkyrkja har øvd inn eit konsertprogram med *Sanger fra vest*. Dei skal ha konsert i Røbekk kyrkje 25. februar og vil gjerne gjennomføre konserten også i Aukra kyrkje ein gong mellom 25.02 og påske. Søndagane i denne perioden passar litt dårleg, så det bør bli ein kvardagskveld, helst ein torsdag, evt. onsdag. Orkesteret bed AU føreslå 2-3 aktuelle datoar. Dei skal ikkje ha betaling for konserten og vil ikkje ta inngangspengar, men føreslår at det blir teke opp ein kollekt til kyrkjelyden, og at orkesteret får dekt nokre reiseutgifter av denne kollekten.

Vedtak: AU ønskjer Husorkesteret velkommen til å ha konsert med *Sanger fra vest* i Aukra kyrkje onsdag 6. mars, onsdag 13. mars eller torsdag 14. mars 2024 kl. 19.00.

AU-sak 23/24 Fasteaksjonen 2024

Fasteaksjonen på Gossen skal gjennomførast av konfirmantane søndag 17. mars. Vanlegvis er det KN-kontakta i soknerådet som har ansvar for å organisere og gjennomføre fasteaksjonen. Slik kontakt vil ikkje bli vald før på strategidagen 6. april. I 2023 var det SFR-leiar Eva Beate Nybø som tok ansvar.

Vedtak: Erlend tek kontakt med Eva Beate og avtalar korleis aksjonen kan gjennomførast. Fung. kyrkjeverje skaffar materiell til dei 23 konfirmantane (bøsser, plombering, klistrelappar til bøssene og ID-kort).

AU-sak 24/24 Tilbod om *Country helaften* i Aukra kyrkje og Kyrkjelydshuset

Frå Anette Stranden låg det føre spørsmål om soknerådet var interessert i å gjennomføre eit konsept kalla *Country helaften* (sjå eige skriv, vedlagt). Etter å ha drøfta saka, gjorde AU slikt

Vedtak: AU stiller seg positivt til søknaden om å gjennomføre *Country helaften* i Aukra, men treng meir tid til å vurdere m.a. den økonomiske risikoen før saka blir lagt fram for SFR. Ein tek eventuelt sikte på å gjennomføre konserten hausten 2024.


Aukra 15.02.2023

Erlend Melby

Leiar (sign)

Max Ingar Mørk

Sekretær/referent



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 7. mars 2024
Møtetid: Kl. 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 20/24 Eventuelt